

Delavtale

Samarbeid om kunnskap og kompetanse

1. Partar	3
2. Bakgrunn	3
3. Føremål.....	3
4. Fora for kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling	4
5. Bruk av nettverk	4
6. Andre ordningar og tiltak	5
7. Formidling av pasientinformasjon.....	5
8. Praksiskonsulentordninga	5
9. Samarbeid om forskning.....	6
10. Kompetanseutvikling.....	7
11. Rekruttering.....	7
12. Samhandlingsbarometeret og bruk av IKT-løysingar	7
13. Praksisplassar og praksisopplæring.....	8
14. Turnuslegeordning	8
15. Evaluering og kvalitetsutvikling	9
16. Forholdet til rammeavtalen.....	9
17. Handtering av usemje	9
18. Misleghald	10
19. Avtaletid, revisjon og oppseiing	10

1. Partar

Avtalen er inngått mellom xx kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtalen er heimla i [Helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 6 og 7](#) og [Spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd 1.setn](#)

Avtalen er vidare heimla i [Rammeavtalen](#) mellom xx kommune og Helse Førde, jfr pkt. 4 i rammeavtalen.

Etter [Spesialisthelsetenestelova § 6.3](#) har spesialisthelsetenesta ei rettleiingsplikt overfor den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Etter [Helse- og omsorgstenestelova § 8-3](#) skal kommunen tilrettelegge for forskning for den kommunale helse- og omsorgstenesta. Vidare har kommunen etter § 8-1 plikt til å medverke til undervisning og praktisk opplæring av helsepersonell, herunder vidare- og etterutdanning. Etter § 8-2 skal kommunen syte for at eigne tilsette som utfører tenester etter lova får naudsynt vidare- og etterutdanning.

Tilsvarande føresegner er fastsett for spesialisthelsetenesta, jfr [Spesialisthelseteneste-lova](#) §§ 3-5, 3-8 og 3-10.

3. Føremål

Denne delavtalen skal bidra til at spesialist- og kommunehelsetenesta gjennom eit samarbeid kan utvikle sin kunnskap og kompetanse og skape grunnlag for kvalitets-utvikling i tenestene.

4. Fora for kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling

Partane skal nytte følgjande fora og arenaer, som er regulert i [rammeavtalen](#), for kunnskapsoverføring, informasjonsutveksling og kompetanseheving:

[Dialogmøtet](#) mellom styret i Helse Førde HF og politisk leiing i kommunane

[Koordineringsrådet](#)

[Fagrådet](#)

Desse arenaene skal også nyttast til informasjon og dialog om vesentlege endringar i tenestetilbod og nye planar for partane si framtidige verksemd

Partane skal utover dette vurdere behovet for felles fora på aktuelle temaområde, og er samde om at dette ikkje berre skal vere fora for dei øvste leiarane, men også for tilsette i/nærare praksisfeltet som dagleg arbeider med dei aktuelle problemstillingane.

5. Bruk av nettverk

Partane er samde om at felles nettverk – både tidsavgrensa og faste – er eit effektivt virkemiddel for læring og utvikling. Nettverk skal føre til faktiske forbetringar i praksis, og partane skal legge vekt på å måle endringar.

Etablering av felles fagnettverk skal skje etter retningsliner fastsett av koordinerings-rådet, der m.a. behovet for nettverket blir vurdert.

Partane skal m.a. vidareføre og utvikle desse nettverka (jfr egne avtalar):

[Nettverk for ressursjukepleiarar innan kreftomsorg og lindrande behandling.](#)

Nettverk for habilitering og rehabilitering – Møteplassen.

[Nettverk innan eldremedisin og eldreomsorg.](#)

6. Andre ordningar og tiltak

Partane skal legge til rette for gjensidig hospiteringsordning i samsvar [med Delavtale «Gjensidig hospiteringsordning»](#).

Ambulerande team skal nyttast til m.a. kompetanseheving og kunnskapsoverføring på område der det er mogeleg og tenleg.

Partane har eit felles ansvar for å bidra til at [Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester](#) fungerer etter føresetnadene.

7. Formidling av pasientinformasjon

Partane skal samarbeide om tiltak for å sikre at nødvendig informasjon om pasientane kan vere tilgjengeleg på tvers av nivå og tenesteytarar. Det er eit mål å kunne dele informasjon i pasientjournal innanfor trygge rammer og i tråd med reglane for personvern.

Partane skal ha eigen [«Delavtale Tilvising og innlegging i sjukehus,](#)

Utskriving» frå sjukehus om gjensidig forpliktande rutinar i samband med tilvising, og innlegging i sjukehus og utskrivning frå sjukehus. Avtalen skal omfatte nødvendige rutinar for informasjonsutveksling.

8. Praksiskonsulentordninga

Praksiskonsulentar er kommunale allmenlegar tilsett i deltidsstilling i helseføretak. Desse skal fungere som bindeledd og m.a. bidra til kunnskapsoverføring, informasjons-utveksling, kompetanseutvikling og betre samhandling. Helse Førde ønskjer å vidareføre og vidareutvikle gjeldande praksiskonsulentordning. Kommunen skal legge til rette og bidra til at ordninga kan fungere etter intensjonen.

9. Samarbeid om forskning

På bakgrunn av at forskingsarbeid medfører kompetansekrav som det kan vere vanskeleg å møte for enkeltkommunar, og fordi det vil krevje eit vesentleg støtteapparat og nettverk, tek partane i denne avtalen sikte på å delta i eit fylkesomfattande samarbeid på dette området, med tilknytning til [Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane](#). Gjennomført fellesprosjekt 1. halvår 2015 danner grunnlag for innretning av samarbeidet.

Begge partar skal aktivt nytte følgjande arenaer til rapportering, formidling og implementering av forskingsresultat og ny kunnskap:

[Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane](#)

Regionale kommunale helse- og omsorgsnettverk

Helse- og omsorgsutvalet i KS

Forum for helse, omsorg og folkehelse

Aktuelle møteplassar for legar

[Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane](#)

[Brukarutvalet](#)

[Dialogmøtet](#), [Koordineringsrådet](#) og [Fagrådet](#) vil og vere aktuelle arenaer, jfr [Ramme-avtalen](#) pkt 4. Vidare skal partane nytte [Samhandlingsbarometeret](#) som felles portal for tilgang til relevante forskingsrapportar og legge ut ny kunnskap på helse- og omsorgsområdet på denne.

10. Kompetanseutvikling

Kommunen og Helse Førde skal samarbeide om aktuelle kompetanseutviklingstiltak. Opplærings-/kursopplegg utvikla av den eine parten skal gjerast tilgjengeleg utan vederlag for den andre parten, når dette kan gjennomførast utan vesentlege kostnader.

Partane vil delta i eit felles arbeid med å avklare utdanningsbehov i kommune- og spesialisthelsetenesta på kort og lang sikt og kva utdanningstilbod som kan møte desse behova på ein god måte. Kommunane sine helse- og omsorgsnettverk og Forum for helse, omsorg og folkehelse vil vere viktige arenaer for slike avklaringar.

Det skal utarbeidast ein felles strategiplan og eit årshjul som eit ledd i eit systematisk arbeid på dette området.

11. Rekruttering

xx kommune – representert ved KS sine organ – og Helse Førde skal ha ein felles plan for rekruttering på område der samarbeid er nødvendig for å oppnå det beste resultatet. Planen skal bygge på ei kartlegging av framtidige utfordringar.

Partane skal vurdere delte stillingar etter modell av «God start»-ordninga der det er sannsynleg at dette vil ha ein positiv rekrutteringseffekt.

12. Samhandlingsbarometeret og bruk av IKT-løysingar

Partane skal i fellesskap utvikle «[Samhandlingsbarometeret](#)» som ein portal og løysing for effektiv tilgang til styringsinformasjon som fremmer samhandling og kunnskaps-basert utvikling av helse- og

omsorgstenestene. Samhandlingsbarometeret skal m.a. bidra til å sikre betre kunnskap om kva tenesteyting og behandling som vert ytt av dei ulike partane.

xx kommune og Helse Førde HF skal prioritere eit aktivt arbeid med bruk av IKT i samband med kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling.

Der det organisatorisk og teknisk er lagt til rette for det, skal det nyttast elektronisk meldingsutveksling mellom legekontor og helseføretak, mellom legekontor og kommunale pleie- og omsorgstenester og mellom pleie- og omsorgstenester i kommunen og helseføretaket. Partane skal syte for at dette blir følgt opp i den verksemda partane har ansvar for.

Vidare skal det vere prioritert å tilrettelegge for bruk av video og telemedisinske løysingar for å tilrettelegge for felles undervisning og kunnskapsoverføring

/informasjonsutveksling i samband med diagnostisering, behandling og kompetanseheving.

Det skal utarbeidast ein felles plan for e-læringstiltak, jfr punkt 10.

13. Praksisplassar og praksisopplæring

Kommunen og Helse Førde skal fastsette eigne planar for praksisplassar og læreplassar og korleis ein vil styre og kvalitetssikre oppfølging av studentar og lærlingar. Delar av dette arbeidet vil skje i etablerte samarbeidsfora mellom partane og utdannings-institusjonane.

Partane skal ha ein eigen samarbeidsavtale om opplæring og praksis for lærlingar i helsearbeidarfaget.

14. Turnuslegeordning

Dette er regulert i eigen samarbeidsavtale: «Samarbeid om turnusteneste for legar»

15. Evaluering og kvalitetsutvikling

Partane skal i samsvar med Rammeavtalen ha ei ordning for melding av avvik og uønska hendingar i høve til samhandling. Oppfølging av avvika og dei uønska hendingane i fagrådet og koordineringsrådet skal sikre evaluering og læring med tanke på system-forbetring og kvalitetsutvikling av tenestene og samhandlinga mellom partane.

Eit viktig suksesskriterium vil vere korleis dette understøttar gode informasjonsrutinar og sikrer kontinuitet i den samla tenesteflyten slik tenestemottakarane opplever det. Partane forpliktar seg til å implementere nødvendige rutinar i eigen organisasjon for å følgje opp arbeidet.

16. Forholdet til rammeavtalen

Føresegner i rammeavtalen gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og Rammeavtalen, går Rammeavtalen føre.

17. Handtering av usemje

Ved usemje skal partane følgje reglane i Rammeavtalen.

18. Misleghald

Dersom ein av partane misligheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet bli kravd dekkja av den som mislegheld avtalen.

19. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 02.10.17, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. [Helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd](#).

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamnleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.